

Send oss lesarbilete.

10.10.2016



Frå Melderskin.

I det usedvanleg vakre haustveret vert det teke mange nydelege bilete. Derfor oppfordrar vi lesarane våre til å senda oss bilete til uskedalen.no@gmail.com. Statistikkane viser oss at spalta lesarbilete er svært populær. Til no har vi presentert over 300 foto frå spalta starta i januar 2015. No treng vi fleire på lager.

Mellom dei over 35 som har sendt oss bilete til no er spanske Sonia Bataller som tok bilete over då ho var på ein strålende tur til Melderskin 2.oktober. Bilete nedanfor er frå strandkanten, og det er frå ein annan flink bidragsytar, Frode Sæbø.

I tillegg til vakre narturbilete er vi interessert i foto innanfor alle mogelege tema som kan vera av interesse for lesarane. Det kan vera artige bilete, bilete som er nokre år gamle og viser at både folk og landskap har endra seg, eller bilete frå bygde- og lagshistorien. Responen til spalta har vore god, men vi treng stadig påfyll slik at vi kan publisera nye bilete om lag annankvar dag.

Epost-adressa er altså uskedalen.no@gmail.com. Bileta gjer seg best på sida om dei har langsida ned(horizontalt) eller er om lag kvadratiske. Vi takkar lesarane som er så flinke å senda oss bilete. Det er de som gjer at spalta er blitt så populær.



[Stemningsfull kveldsstund.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Sonia Bataller og Frode Sæbø